

**HEMSEDAL KOMMUNE**



**TRAFIKKSIKKER KOMMUNE 2016-2019**



Tuv Oppvekstsenter

Ulsåk Oppvekstsenter

Hemsedal barne- og ungdomsskule

## Trafikkplan for skule og barnehage i Hemsedal

Å vera ein trafikksikker skule eller barnehage betyr ikkje at det er ein garanti for at ulukker ikkje skjer, men det er eit kvalitetsstempel på eit godt og gjennomgåande arbeid med trafikktryggleik.

Planen for trafikktryggleik er utarbeidd etter kriteria Trygg Trafikk meiner ein skule og barnehage bør oppfylle for å bli godkjent som trafikksikker. Kriteria er utarbeidd med bakgrunn i Rammeplanen, Kunnskapsløftet og «Forskrift om miljøretta helsevern i barnehage og skule».

### Barnehage- og skulestrukturen

Skulane i Hemsedal ligg i tettstadane Ulsåk, Trøim og Tuv. Barnehagane er lokalisert på Tuv og Ulsåk i oppvekstsenter saman med skulane.

#### Tuv Oppvekstsenter



Ulsåk oppvekstsenter



## Hemsedal barne- og ungdomsskule (HBU)



Denne planen er bygd opp med kapittel som beskriv utfordringane kvar barnehage og skule har i forhold til trafikktryggleik, og eit kapittel der ein tek for seg den heilskaplege opplæringa i Hemsedal kommune innanfor trafikktryggleik.

### Trafikale utfordringar rundt barnehagar og skular

#### Utfordringar ved Tuv Oppvekstsenter:

Hente- og bringesituasjonen når foreldre køyrer til porten er trafikkfarleg.

Område for gåande og køyrande er ikkje klart definert, og det oppstår trafikkfarlege situasjonar. Det manglar parkeringsplassar for foreldre og tilsette for både barnehage og skule, og ved hente- og leveringstidspunkt kan det føre til store utfordringar for forbipasserande trafikk. Elevar kjem gåande frå buss eller frå RV52 og kryssar bru der det også er mange bilar ved tidspunkt rundt skulestart. Det er store opne område der plassane og RV52 går i eitt, dårleg markering. Krysset Grøndalsvegen/Hustadhagen og Rv52 er uklart for gåande. Det er for dårleg belysning i området rundt oppvekstsenteret.

### **Utfordringar ved Ulsåk Oppvekstsenter :**

Riksvegen: Mykje tungtransport døgnet rundt rett forbi barnehage og skule. For mange av elevane våre er gangvegen, parallelt med RV52, dagleg skuleveg. Forbi Engene bilverkstad er det heller ikkje fysisk skilje mellom gangveg og riksveg. Når vi tar med barn/elevar til Moen-området må vi krysse RV52 . Særleg på vintertid er dette ei utfordring.

Fartsgrensa er 60 forbi oppvekstsenteret, men blir 40 straks ein har passert.

Uoversikteleg/ope ved busstopp ved Engene bilverkstad.

Lykkjavegen: I turistsesongen er det mykje trafikk opp og ned forbi skulen. Det er fartsgrense 40, men få overheld denne grensa. Det er og naturleg for foreldra å parkere ved Lykkjavegen når dei hentar og bringer elevar til skulen. Elevar kryssar vegen på veg inn til skulen. Mykje vegetasjon etter vegen aust for oppvekstsenteret. Gangvegen "forsvinn " ved Fossheim - forbi Kinarestaurant.

Den vesle vegstubben mellom Lykkjavegen og RV52 som vert kalla Bedehusvegen: Her er det stengt for gjennomkøyring mellom 08.00 og 16.30. Dette bør utvidast til 07.30- 16.30 slik at det «dekkjer» opningstida i barnehage og SFO.

### **Utfordringar ved Hemsedal barne- og ungdomsskule:**

Kiss and ride-sona ved Kyrkjestugu er ikkje definert godt nok. Det er innkøyring for parkering i same område.

Uklare gangalternativ over parkeringsplassen framfor Kyrkjestugo og området Haugavegen-Grøthehuset- skulen.

Opphoping av elevar framom Trøimshallen i ankomst- og avreisetider for skulebussen.

### **Kriterium for ein trafikksikker barnehage:**

Trafikksikkerheit i barnehagen generelt:

- ✓ Trafikkopplæring vert integrert som ein del av barnehagen sitt omsorgs- og opplæringsarbeid og vert nedfelt i barnehagen sin årsplan.
- ✓ Det vert stilt krav til busselskap og drosjer om belte og trafikksikker framferd ved kjøp av transporttenestar.
- ✓ Tilsette kjenner rutinar for handtering av uføresette faresituasjonar og hendingar på turar.

- ✓ Barnehagen har utarbeida rutinar for å ivareta tryggleiken på turar til fots, med bil eller buss.

#### Trafikkopplæring i barnehagen:

- ✓ Barna lærer enkle trafikkreglar for fotgjengarar.
- ✓ Barna lærer om sikring i bil, sykkelhjelm og refleks.

#### Samarbeid mellom barnehage og heim:

- ✓ Rutinar for å ta vare på barna sin sikkerheit ved barnehagen sin parkeringsplass og port. Det vert gjennomgått årleg med foreldre og tilsette.
- ✓ Det vert stilt krav til foreldre om å sikre barn på veg til og frå barnehagen.
- ✓ Trafikksikkerheit og trafikkopplæring er eit integrert tema på foreldremøter.
- ✓ Foreldre vert involvert i trafikktryggleiksarbeidet i barnehagen.

#### Tiltak:

- Det er utarbeida ein eigen trafikkplan for barnehage. Denne planen ligg på kommunen si heimeside. Den blir vist på foreldremøte kvar haust.
- I denne planen ligg retningsliner for turar. Her ligg også reglar om bruk av hjelm.
- Kwart år tek barnehagen ei risikoanalyse av nærområdet. Dette kjem inn i det ordinære HMS-arbeidet. Då blir og trafikkbilete ein automatisk del av denne kartlegginga. Eventuelle avvik blir då rapportert vidare til ansvarleg i kommunen.
- Barnehagane har/får refleksvest, og brukar desse når dei går på tur.
- Føresette og personalet må sjå til at barn bruker sykkelhjelm til og frå barnehagen og på sykkelturar i barnehagen sin regi.
- Til hjelp i trafikkopplæringsarbeidet bruker vi:
  - Trafikkboka frå Trygg Trafikk
  - Egg-hjelmar frå Trygg Trafikk
  - Trafikkfilmar frå Trygg Trafikk si heimeside/Youtube
  - [www.barnastrafikkklubb.no](http://www.barnastrafikkklubb.no)

**Trafikkansvarleg** ved barnehagane er Monika Randar (Tuv barnehage) og Eva Markegård (Ulsåk barnehage)

## Kriterium for ein trafikksikker skule

- ✓ Skulen har ein plan for å ivareta sikkerheit til eleven til og frå skulen, anten dei går, sykklar eller blir køyrd.
- ✓ Skulen har utarbeidd rutinar for i å ivareta tryggleiken på turar til fots, på sykkel, i bil/buss eller med kollektivtransport i skulen sin regi.
- ✓ Skulen har gode rutinar for at planane blir gjennomført av dei tilsette og har ein trafikkansvarleg lærar.
- ✓ Skulen har integrert trafikkopplæring i lokal læreplan/årsplan i tråd med Kunnskapsløftet sine kompetansemål.
- ✓ Skulen legg til rette for at det blir gjennomført god trafikkopplæring (for eksempel ved innkjøp av materiell eller kurs til tilsette.
- ✓ Skulen sin læreplan for trafikk er eit tema på utvalde klasstrinn sine møter for føresette.
- ✓ Føresette blir involvert i skulen sitt trafikktryggleiksarbeid for eksempel gjennom Foreldra sitt arbeidsutval (FAU).

## Tiltak:

- Det er utarbeida ein eigen trafikkplan for skulen, med kompetansemål for kvart trinn. Denne planen ligg ute på skulen sin digitale læringsplattform, It`s Learning og på den kommunale heimesida. Den blir også vist på første foreldremøte på kvart trinn kvart år.
- I denne planen ligg retningsliner for korleis elevar skal oppføre seg på tur. Her ligg og reglar om bruk av hjelm.
- Kvart år tek skulen ei risikoanalyse av skulen sitt nærområde. Dette kjem inn i det ordinære HMS-arbeidet ved skulen. Då blir og trafikkbilete ein automatisk del av denne kartlegginga. Eventuelle avvik blir da rapportert vidare til ansvarleg i kommunen. Trafikk og trafikktryggleik er eit tema som blir teke opp på storforeldremøta kvart år på Tuv og Ulsåk samt på overgangsmøtet på HBU våren på 4. trinn, og drøfta jamleg i FAU.
- Føresette må og melde frå til politiet eller rett kommunal instans, når ein blir merksam på trafikkfarlege forhold i skulekretsen.
- Alle elevar på 1. trinn får refleksvest. Elevar som kjem til skulen seinare får vest av kontaktlærar.

- Alle elevar skal bruke sykkelhjelmer til og frå skulen og på sykkelturnar i skulen sin regi.
- Elevar på 1.-4. trinn brukar refleksvest når dei går på tur i området.
- Sykkel og sykkelopplæring er hovudtema på 5. trinn, og blir fylgt opp og repetert.
- Til hjelp i trafikkopplæringsarbeidet bruker vi:
  - Trafikkboka frå Trygg Trafikk
  - Sykkelhefte frå Trygg Trafikk
  - Egg-hjelmar frå Trygg Trafikk
  - Trafikkfilmar frå Trygg Trafikk si heimeside/Youtube
  - [www.trafikkogskole.no](http://www.trafikkogskole.no)
  - [www.barnastrafikkklubb.no](http://www.barnastrafikkklubb.no)

**Trafikkansvarleg** ved skulene er Annika Wessberg (Tuv skule), Ellen Wang Fredriksen(Ulså skule) og Andreas Møhlenberg (HBU)

## Rammeplan for barnehagen

Mål: Målet er å knytte trafikkopplæring for barn inn i alle fagområda, og me brukar Trygg Trafikk sine pedagogiske opplegg for dette.

## Kunnskapsløftet K-2006

Etter 4. trinn i Kroppsøving: Elevane skal kunne fylgje trafikkregler for fotgjengarar og syklistar.

Etter 7. trinn i Kroppsøving: Elevane skal kunne praktisere trygg bruk av sykkel som framkomstmiddel.

Etter 10. trinn i Naturfag: Elevane skal kunne gjere greie for korleis trafikktryggleiksutstyr hindrar og minskar skader ved uhell og ulukker.



## Årshjul/trafikkplan for trafikkopplæring i barnehagen og 1. - 10. trinn

Barnehage har ein trafikkplan som er utarbeidd i samarbeid med Trygg Trafikk :

Tema og målgruppe	Mål	Tiltak	Kjenneteikn	Ansvar
<b>Sikring av barn i bil:</b> Foreldre og personale.	Tryggleiken til barna, gode vanar og haldningar.	Informasjon om dette på foreldremøte, haust/vår. Vidaresending av informasjon frå Trygg trafikk på e-post.	Me ser at barn i bil er forsvarleg sikra: plassering, sete og belte. Me høyrer barna snakke om det.	Foreldra
<b>Sikker parkering og porten inn til barnehagen</b> Foreldre og personalet.	Sikre at barn og vaksne ikkje vert påkøyrte på barnehagen sin parkeringsplass.	Alle biler parkerer ved å ryggje inn, med "snuten" ut mot plassen. Det settast opp eit parkeringsskilt for påminning om dette. Alle vaksne lukker porten til barnehagen kvar gong dei går inn eller ut.	Porten er alltid lukka. Biler parkerer ved å ryggje på plass, med "snuten" ut mot plassen.	Foreldre Personalet Besøkjande
<b>Refleksbruk:</b> Barn, foreldre og personalet	Alle som ferdast til og frå barnehagen, og på turar med barnehagen, er godt synleg i trafikken.	Barna bruker refleksvestar på tur. Barn, foreldre og personalet bruker refleks til og frå barnehagen. Barnehagen har refleks som tema, i tillegg til bruk av <b>Tarkus</b> (pedagogisk opplegg). Informasjon på foreldremøter på hausten.	Alle avdelingar bruker refleksvestar på tur. Vi ser barna finn fram refleksvesten når dei veit dei skal på tur. Foreldre bruker refleks når dei leverer og hentar. Vi høyrer barna veit noko om refleks. <b>Tarkus</b> vert brukt på alle avdelingar.	Foreldre Personalet
<b>Fotgjengar i trafikken:</b> Barn og personalet	Når vi er på tur har vi fokus på tryggleik, fylgjer turrutinar og trafikkreglar.	Alle avdelingar fylgjer dei turrutinane vi har. Alle har fokus på trafikkreglar, og er gode førebilete. Eks:	Alle vaksne er gode førebilete i trafikken. Alle vaksne kjenner til trafikkplanen i	Personalet

		<p>Vi går på venstre side av vegen, vi kryssar vegen der det er gangfelt, vi ser oss for til høyre og venstre.</p> <p>Tarkus er iblant med på tur, eller på turførebuingane.</p>	<p>barnehagen. Vi kan sjå på månadsplanar og vekeplanar at avdelingane har med seg trafikk i det dei gjer, ut frå alder og modning.</p> <p>Vi ser at barna er trygge på det å ferdast langs vegen, og kan nokon av trafikkreglane.</p>	
--	--	--	--	--

Klassetrinn	Tid på året	Mål	Aktivitetsforslag
1.	<p>Oppstart haust i 1. trinn, for så å arbeide med dei ulike emna i løpet av hausten og vinteren.</p> <p><b>Planen vert delt ut på første felles foreldremøte på hausten.</b></p>	<p><b><u>Kunnskapsmål:</u></b> Eleven skal forstå kor viktig det er å vera forsiktig i trafikken. Eleven skal forstå at sjølv om du ser bilen, så er det ikkje sikkert at den som køyrer bilen ser deg!</p> <p><b><u>Dugleiksmål:</u></b> Eleven skal vite korleis han/ho sikkert skal krysse ein veg.</p> <p><b><u>Haldningsmål:</u></b> Eleven skal ta omsyn til andre trafikantar ved ferdsel i trafikken.</p> <p>Elles: - Eleven skal kunne vise aktsemd også inne på parkeringsplassen på skulen.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Samtale med elevane om kva for kunnskap og dugleik dei har</li> <li>- Repetisjon av kunnskap om trafikktryggleik. Bruk av bilbelte</li> <li>- Fleire grunnleggjande trafikkreglar.</li> <li>- Gi elevane innsyn i korleis dei vert oppfatta av motorføraren.</li> <li>- Skulevegen min (går du den tryggaste vegen?)</li> <li>- Å gå langs ein veg – utan fortau, med fortau og gang- og sykkelsti.</li> <li>Elevane skal bruke refleks på skulevegen og på turar i skulen sin regi i den mørke årstida.</li> <li>Elles: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Trafikklys, kan vi alltid stole på dei?</li> <li>- Å gå når vi treff hindringar på skulevegen, (snø, parkerte bilar....)</li> </ul> </li> </ul>
2.	Oppstart haust i 2. trinn, og fortsetje	<p><b><u>Kunnskapsmål:</u></b> Eleven skal forstå enkle</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Trafikklys, kan vi alltid stole på dei?</li> </ul>

	<p>jamt gjennom heile året.</p>	<p>trafikkreglar som gjeld for fotgjengarar. Eleven skal kunne gjengi nokre grunnleggjande skiltreglar.</p> <p><b><u>Dugleiksmål:</u></b>  Eleven skal kunne følgje reglar for passasjerar i bil og buss. Eleven skal kunne rett bruk av refleks. Eleven skal bruke rett utstyr i trafikken.</p> <p><b><u>Haldningsmål:</u></b>  Eleven skal ta omsyn til andre fotgjengarar i trafikken.</p> <p>Elles:  - Eleven skal kunne vise aktsemd også inne på parkeringsplassen på skulen.</p>	<p>- Å gå når vi treff hindringar på skulevegen, (snø, parkerte bilar...)</p>
3.	<p>Oppstart hausten i 3. trinn, og fortsetje jamt gjennom heile året.</p>	<p><b><u>Kunnskapsmål:</u></b>  Eleven skal kjenne til dei ulike skilttypane; påbodsskilt, forbodsskilt, opplysningsskilt.</p> <p>Eleven skal ha kjennskap til skulen sine sykkelreglar.</p> <p><b><u>Dugleiksmål:</u></b>  Eleven skal kunne forstå kor viktig det er å følgje påbod- og forbodsskilta.</p> <p><b><u>Haldningsmål:</u></b>  Eleven skal ta omsyn til dyr og fotgjengarar når dei sykklar i trafikken.</p> <p>Elles:  - Eleven skal kunne vise</p>	<p>- Gi elevane innsyn i korleis dei vert oppfatta av motorføraren.  - Meir statistikk  - Påbod – forbodsskilt  - Trafikkundersøking  - Hjelm  - Skulen sine sykkelreglar  - Trafikklys  - Dyr i trafikken</p> <p>Elles:  - Trafikklys, kan vi alltid stole på dei?  - Å gå når vi treff hindringar på skulevegen, (snø, parkerte bilar...)</p>

		aktsemd også inne på parkeringsplassen på skulen.	
4.	Gjennom heile året	<p><b><u>Kunnskapsmål:</u></b> Eleven skal forstå nokre påbod- og forbodsskilt. Eleven skal kunne følgje reglar for bruk av hjelm. Eleven skal kunne bruke skolen sine sykkelreglar. Eleven skal vise forståing for korleis han/ho vert oppfatta av motorføraren.</p> <p><b><u>Dugleiksmål:</u></b> Elevene skal kunne bruke sykkelhjelm rett. Elevene skal bruke rett utstyr for trafikktryggleik.</p> <p><b><u>Haldningsmål:</u></b> Eleven skal kunne sjå seg sjølv i trafikkbilete. Eleven skal vise respekt for andre trafikantar.</p> <p>Elles: - Eleven skal kunne vise aktsemd også inne på parkeringsplassen på skulen.</p>	<p>- Sykkeltur til Kommunehuset saman med to vaksne</p> <p>Elles: - Trafikklys, kan vi alltid stole på dei? - Å gå når vi treff hindringar på skulevegen, (snø, parkerte bilar....)</p>
4.	<p>Oppstart våren 4. trinn med «Trygg på sykkel»</p> <p><b>Planen vert gjennomgått på vår-møtet med «nye føresette på HBU».</b></p>	<p><b><u>Kunnskapsmål:</u></b> Eleven skal kjenne til kva for reglar som gjeld for bruk av sykkel i trafikken. Eleven skal kjenne til kva slag sykkelutstyr og anna utstyr han/ho bør bruke når ein sykklar.</p> <p><b><u>Dugleiksmål:</u></b> Eleven skal aktivt kunne bruke sykkelreglane når dei ferdast i trafikken. Eleven skal bruke hjelm når dei sykklar.</p>	<p><b>Ved hjelp av valfagsgruppa på 10. trinn gjennomfører vi følgjande tiltak:</b></p> <p>- Repetere trafikkreglane for fotgjengarar. - Grunnleggjande trafikk- og sykkelugleik. - Trafikkreglar for syklistar. - Vektleggje bruk av hjelm - Sykkeltur. Gjennomføring av Trygg Trafikk, «Sykkelprøver»</p>

		<p><b><u>Haldningsmål:</u></b> Eleven skal ta omsyn til andre trafikantar når han/ho sykklar.</p> <p>Elles: - Eleven skal kunne vise aktsemd også inne på parkeringsplassen på skulen.</p>	
5.-7.	<p>Oppstart om hausten og arbeid utover skuleåret med tema innanfor trafikktryggleik.</p> <p><b>Planen vert repetert på første foreldremøte på hausten.</b></p>	<p><b><u>Kunnskapsmål:</u></b> Eleven skal forstå kor viktig det er å bruke utstyr for sikkerheit ved sykling i terreng.</p> <p>Eleven skal forstå kva for trafikkreglar som gjeld for syklistar og fotgjengarar.</p> <p><b><u>Dugleiksmål:</u></b> Eleven skal kunne ha kontroll over sykkelen ved sykling i terreng. Eleven skal ha grunnleggjande trafikk- og sykkelferdigheiter. Eleven skal kunne ferdes på sykkel i området med lyskryss, rundkjøring, fortau og fotgjengarfelt. Eleven skal bruke riktig trafikk-sikkerheitsutstyr.</p> <p><b><u>Haldningsmål:</u></b> Eleven skal vise gode haldningar i forhold til trafikk-sikkerheit.</p> <p>Elles: - Eleven skal kunne vise aktsemd også inne på parkeringsplassen på skulen.</p>	<p>I faget kroppsøving skal dei ulike trinna gjennomføre følgjande tiltak:</p> <p>5. trinn: Trening på sykkel i enkel trafikk og i terreng. Delta på sykkelaktivitetsdag/ dugleiksprøve på skulen, i samarbeid med 10. trinn - Trafikk.</p> <p>6. trinn: Teori og trening på sykkel i gradvis meir utfordrande trafikk og terreng</p> <p>7. trinn: Sjølvstendig sykling i trafikken og i terrenget</p>
10.	Valfag Trafikk	<p><b><u>Kunnskapsmål:</u></b> •følgje trafikkregler og demonstrere kva omsynsfull,</p>	I valfaget Trafikk skal elevane få opplæring i Trafikalt grunnkurs, som er fastsett i vegtrafikklova.

		<p>oppmerksom og forsiktig åtferd er</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- gi praktiske eksempel på og reflektere over korleis sansing og reaksjonar, kommunikasjon og samhandling påverkar trafikkavvikling og trafiksikkerheit</li> <li>- diskutere korleis merksemd og rusmidlar kan påverke sansar og reaksjonsevne i trafikken</li> <li>- foreta risikovurdering av egen skuleveg og forklare samanhengen mellom erfaring og risiko for ulykke</li> <li>- demonstrere kva for plikter og ansvar dei har ved ei trafikkulykke, og utføre livreddande førstehjelp gjennom praktiske øvingar</li> </ul>	<p>Elevane skal og ha opplæring med hovudvekt på eleven si rolle i trafikken med fokus på førstehjelp og tryggleik for alle trafikantar.</p> <p>Elevane skal bruke lærarverket frå Trygg Trafikk i opplæringa som ikkje er knytt til Trafikalt grunnkurs.</p> <p>Valfaget Trafikk skal gjennomføre ein sykkeldag på våren for 5. klasse med fokus på trafiksikkerheit og dugleik.</p>
--	--	--	---

## Turar/utflukter i regi av barnehagen

Sjå skjema ovanfor.

## Turar/utflukter i regi av skulen

### FORARBEID:

Arbeidslag / trinn syter for å:

- Gå gjennom eventuelle tidlegare vurderingar av tilsvarende aktivitet før planlegging og organisering av opplegget. Gi informasjon til heimen.
- Minimum 2 vaksne har ansvar for kvar gruppe. Dei ansvarlege for kvar gruppe avtalar den enkelte si oppgåve.
- Ein vaksen frå kvar gruppe skal ta med førstehjelpsutstyr og mobiltelefon.
- Ansvarleg vaksen tek med elevliste med telefonnummer til føresette.
- Ha oversikt over tal på elevar!
- Gi beskjed til inspektør / kontoret i god tid i før utflukta/turen.

### BUSS/(bil):

Som lærer skal du ha fokus på følgjande punkt:

- Informer elevane om korleis dei skal oppføre seg på stoppestad og om bord i bussen.
- Ha full oversikt over avreisetidspunkt, reisemål og tidspunkt for retur.
- Sjå til at tidspunkta vert overhalde, og at elevane held seg samla.
- Pass på at elevane sit i ro i seta og brukar sikkerheitsbelte under heile turen.
- Plasser deg i bussen slik at du kan følgje med elevane, og gripe inn ved avvikande åtferd.
- Ta ein runde i bussen etter at elevane har gått av for å ta hand om gjenstandar som er gløymd att, søppel m.m.
- Hjelp elevane / sjåføren med lasting / lossing av bagasje.

Ditt ansvar som elev:

- Ver presis, både ved avreise og retur.
- Stå i ro på stoppestaden når bussen kjem.
- Gå roleg inn i bussen, set deg i setet og spenn på deg sikkerheitsbeltet.
- Sit i ro under heile turen.
- Bruk «inne-stemme» når du skal kommunisere med andre i bussen.
- Ikkje et eller drikk i bussen.
- Sjekk at du får med deg alle eigendelane dine (inkludert søppel) når du går ut av bussen.
- Sjå deg godt føre dersom du skal krysse vegen etter at du har gått av bussen.

- **Ring alltid 113 først dersom skaden er alvorleg!**
- **Underrett kontoret deretter.**
- **Ved eventuelle skadar skal føresette kontaktast med ein gong.**